

# Utviklingsplan for Helse Førde HF

2026 - 2041

# Utviklingsplan for Helse Førde HF 2026-2041

Innleiing .....	3
Demografisk utvikling.....	3
Utvikling i behov for spesialisthelsetenester .....	4
Kva vil dette krevje av spesialisthelsetenesta? .....	4
Innsatsområda.....	5
1. Trygge og kunnskapsbaserte helsetenester av høg kvalitet .....	5
Moglegheiter .....	6
Utfordringar.....	6
Overordna mål.....	6
Strategiske tiltak .....	7
Slik skal vi måle at vi er på rett veg .....	7
2. Samanhengande og koordinerte pasientforløp, med aktiv brukarmedverknad ...	7
Moglegheiter .....	8
Utfordringar.....	8
Overordna mål.....	8
Strategiske tiltak .....	8
Slik skal vi måle at vi er på rett veg .....	9
3. Medarbeidarar og leiing som drivkraft i ein berekraftig organisasjon .....	9
Moglegheiter .....	9
Utfordringar.....	10
Overordna mål.....	10
Strategiske tiltak .....	10
Slik skal vi måle at vi er på rett veg .....	11
4. Berekraftig drift og ansvarleg ressursbruk .....	11
Moglegheiter .....	11
Utfordringar.....	12

Overordna mål.....	12
Strategiske tiltak.....	12
Slik skal vi måle at vi er på rett veg.....	13
5. Robust beredskap og sikkerheit .....	13
Overordna mål.....	13
Strategiske tiltak.....	13
Slik skal vi måle at vi er på rett veg.....	14
Nasjonale og regionale planar og føringar.....	15
Lokale planar og strategiar i Helse Førde.....	15

## Innleiing

Utviklingsplanen syner kva ambisjonar Helse Førde har for utvikling av helsetenestene som føretaket skal yte. Målet er å skape ei helseteneste som er trygg, berekraftig og nær folk, også i åra som kjem. Planen peikar ut retninga for dei næraste fire åra, samstundes som planen ser femten år fram i tid. Den gjeldande planen for Helse Førde blir revidert i 2026 og vil gjelde for perioden 2026–2041.

Helse Førde består av to lokalsjukehus, eitt sentralsjukehus, tre psykiatriske institusjonar, lokalisert på fem ulike stader i Sogn og Fjordane. Seksten ambulansestasjonar er plasserte i heile området og to ambulansébåtar ved kysten.

Helse Førde dekkjer om lag 45 % av landarealet i Helse Vest, men har under 10 % av innbyggjarane (rundt 108 000 innbyggjarar). Vår geografi og desentraliserte struktur påverkar korleis vi skal leggje til rette for framtidige tenester.

Helse Førde sin utviklingsplan er det overordna strategiske rammeverket for vidare utvikling av spesialisthelsetenestene i vårt opptaksområde. Planen byggjer på nasjonale føringar, framtidige behov og tilgjengelege ressursar og rammer.

Utviklingsplanen syner korleis Helse Førde prioriterer viktige utviklingsområde på kort og lang sikt ut frå våre føresetnader, utfordringar og moglegheiter. Planen er forankra i eit forpliktande regionalt samarbeid i Helse Vest, men utviklingstiltak skal likevel ta omsyn til lokale behov og føresetnader. Vidare må vi samarbeide godt med relevante partnarar, som kommunar, universitet og private aktørar, slik at vi utviklar tenestene saman på best mogleg måte.

Spesialisthelsetenesta må kontinuerleg tilpasse seg både dagens og morgondagens rammer og vilkår. Dei største utfordringane er knytte til demografiske endringar, medisinsk og teknologisk utvikling og tilgang på helsepersonell. I tillegg vil økonomiske rammer, bygg, miljøkrav, berekraft, beredskap, samferdslestrukturar og infrastruktur i samfunnet påverke korleis helsetenestene må organiserast og utviklast. Samstundes aukar forventningane til kvalitet, tilgjengelegheit og samanheng i pasientforløpa.

## Demografisk utvikling

Befolkninga i Noreg får ei stadig endra alderssamansetning. Talet på eldre aukar, medan veksten i aldersgruppene under 60 år bremsar opp og vil etter kvart stagnere. Dermed oppstår ein dobbeeffekt: Behovet for helsetenester aukar, samstundes som tilgangen på arbeidskraft blir mindre.

Sogn og Fjordane har over tid hatt ein større del eldre i befolkninga enn landsgjennomsnittet, samstundes som folketalet går ned i fleire mindre kommunar og

bygder. Færre fødsler og utflytting av ungdom og yrkesaktive til meir sentrale strom fører til ein reduksjon i den yrkesaktive delen av befolkninga. Dette svekkjer rekrutteringsgrunnlaget for helsetenestene.

I mange lokalsamfunn ser vi at når folketalet går ned, blir grunnlaget for tenester og aktivitetar svekka. Tilbod og aktivitetar i lokalmiljøet forsvinn, og eldre står i større grad utan familie og eit robust nærmiljø rundt seg. Dette aukar behovet for helse- og omsorgstenester, både frå kommunane og spesialisthelsetenesta.

Framskrivningar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at talet på personar over 80 år vil nær doble seg frå 2024 til 2045. Allereie innan 2033 vil denne gruppa auke med om lag 50 % samanlikna med dagens nivå. Dette er ei pasientgruppe som ofte har samansette behov og mottar tenester både frå kommunane og sjukehusa. For Helse Førde betyr dette at etterspurnaden etter spesialisthelsetenester vil bli større, samstundes som kapasiteten i form av personell vil vere under press. Ei berekraftig utvikling av helsetenestene føreset derfor eit enda tettare og meir systematisk samarbeid med kommunane om heilskaplege pasientforløp.

## Utvikling i behov for spesialisthelsetenester

Medisinske framsteg innan behandlingsformer og legemiddel gjer at fleire kan leve lenger med alvorleg sjukdom. Fleire skrøpelege eldre og personar med komplekse, samansette sjukdomsbilete gir større behov for helse- og omsorgstenester.

Samstundes vil ei aldrande befolkning ha behov for oppfølging og helsehjelp over lengre tid enn tidlegare generasjonar. Denne utviklinga vil føre til auka behov for spesialisthelsetenester knytte til geriatri.

Sjukdomsbiletet vil endre seg, til dømes vil hjarte- og augesjukdommar utgjere ein større del av spesialisthelsetenestene, medan behovet for tenester til barn og unge truleg blir redusert. Kreftbehandling har historisk hatt ein større auke enn andre fagområde, fleire lever lenger med kreft og har behov for oppfølging, og denne utviklinga er forventa å halde fram.

Sosiale skilnader i helse og endringar i livsstil, som meir stillesitjing og auka psykiske belastningar, påverkar òg sjukdomsbiletet i befolkninga. Utviklingstrekk i samfunnet tyder på ei vekst i behov innanfor psykisk helsevern, sikkerheitspsykiatri og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

## Kva vil dette krevje av spesialisthelsetenesta?

Helse Førde må halde fram omstillingsarbeidet for å løyse oppgåvene utan særleg auka bruk av personellressursar, og samstundes tilby tenester av høg kvalitet.

Omlegging frå døgnbehandling til dagbehandling og poliklinikk held fram. Medisinsk og teknologisk utvikling opnar for raskare og enklare prosedyrar i behandlinga av mange lidingar. Gjennom digitale helsetenester kan fleire pasientar få hjelp i heimen. Den breiare samansetjinga av behandlingstilbod gjer at fleire kan få hjelp innanfor rammene for ein heilskapleg og berekraftig ressursbruk. Ein føresetnad for å lukkast med dette er smidigare og meir koordinert samarbeid med kommunane.

Helseføretaka i Helse Vest etablerer ei rekkje tiltak som skal bidra til å løyse framtidens oppgåver utan å auke behovet for meir personell. Eit mål er at helseføretaka skal behalde og vidareutvikle det kvalifiserte helsepersonellet som jobbar i føretaka i dag, og samstundes rekruttere dyktige, nye medarbeidarar. Døme på tiltak er: god oppgåvedeling, føreseielege og fleksible arbeidstidsordningar, tilrettelegging for karriere- og kompetanseutvikling og ny bruk av digitale løysingar, automatisering av prosessar og andre IKT-tiltak. I tillegg må vi nytte moglegheitene som er i den samla kapasiteten i Helse Vest, som å bruke kompetanse og funksjonsdeling på tvers av føretaka. Betre infrastruktur gjer det også enklare for fagfolk å samarbeide på tvers av sjukehus. Dette kan føre til forventningar om å endre strukturar og organisering.

For at spesialisthelsetenesta skal kunne møte dei framtidige behova for helsetenester, krevst ei heilskapleg satsing på fleire område over tid. Det føreset godt og modig leiarskap, eit velutvikla medarbeidarskap og sterk gjennomføringsvilje. Den offentlege spesialisthelsetenesta skal vere den føretrekte arbeidsplassen for helsepersonell.

Desse utviklingstrekkane inneber at Helse Førde må ta tydelege strategiske val i åra framover. Auka behov for helsetenester kan ikkje møtast berre med meir aktivitet, men må i større grad møtast gjennom prioritering, omstilling og betre bruk av samla ressursar. Personell, økonomi og kapasitet må vere reelle rammer for utvikling, organisering og investeringar.

Samstundes må pasientforløp utviklast meir heilskapleg på tvers av fagområde, nivå og aktørar. Bygg, teknologi, kapasitet og støttefunksjonar må brukast meir koordinert, lokalt og regionalt. Beredskap, forsyningsikkerheit og digital robustheit må vere ein integrert del av den ordinære styringa av verksemda.

## Innsatsområda

### 1. Trygge og kunnskapsbaserte helsetenester av høg kvalitet

Helse Førde skal utvikle ei framtidsretta helseteneste der pasienten står i sentrum. Kvalitet, tryggleik og likeverd skal vere grunnmuren i tenestene, og vi skal nytte kunnskap, teknologi og nye arbeidsformer for å flytte helsehjelpa nærare der pasienten

er. Målet er samanhengande, tilgjengelege og berekraftige tenester i heile opptaksområdet.

Vi skal møte pasientar og pårørande med openheit og respekt, og leggje til rette for medverknad og informerte val. Gjennom systematisk kvalitetsarbeid, forskning og læring skal vi kontinuerleg forbetre tenestene, i tett samarbeid med kommunar, fagmiljø og brukarar.

## Moglegheiter

Ny teknologi, digitale løysingar og fleire desentraliserte tenester gir høve til å vidareutvikle og tilby meir helsehjelp nærare der pasientane bur. Vi tek i bruk ny kunnskap og forskingsresultat for å forbetre kvaliteten på behandlinga og ta godt vare på pasienttryggleiken. Aktiv brukarmedverknad bidreg til meir treffsikre og individuelt tilpassa behandlingstilbod. Omstilling i måten vi arbeider på kan leggje til rette for betre utnytting av ressursane.

I tillegg har vi eit godt utgangspunkt gjennom samarbeidet med kommunar, Sogn og Fjordane helsefelleskap og avtalespesialistar. Den samla kapasiteten i Helse Vest gjev høve til meir samordna ressursbruk og betre utnytting av behandlingstilboda. Dette gjev moglegheit til å skape meir heilskaplege og samanhengande pasientforløp for innbyggjarane våre.

## Utfordringar

For Helse Førde er det ei viktig oppgåve å sikre eit likeverdig helsetilbod i eit geografisk stort opptaksområde. Samstundes krev utviklinga kontinuerleg omstilling av organisasjonen og arbeidsformene våre, i takt med ny teknologi og endra krav. Føretaket må sikre tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet i ein situasjon med aukande etterspurnad etter helsetenester.

Eit velfungerande samspel mellom ulike nivå og aktørar i helsetenesta er heilt avgjerande, men kan vere krevjande å få til i praksis.

## Overordna mål

- Helse Førde leverer trygge, kunnskapsbaserte og likeverdige helsetenester av høg kvalitet. Tenestene skal vere tilgjengelege og rettferdig fordelt.
- Pasientar og pårørande har det dei treng for å kunne ta informerte val og medverke aktivt i eiga behandling.
- Forsking og innovasjon er meir integrert i Helse Førde si verksemd.

## Strategiske tiltak

- Aktiv implementering av ny fagkunnskap og nasjonale faglege retningslinjer i klinisk praksis.
- Kontinuerleg vurdere korleis og kvar tenestene kan utviklast og leverast.
- Vidareutvikle heimebehandling, digital oppfølging og ambulante tenester som støttar behandling på rett nivå saman i helsefellesskapet.
- Systematisk bruk av brukarerfaringar i kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid.
- Styrkje allmenn helsekompetanse gjennom klart språk, strukturert informasjon og målretta rettleiing.
- Auke forskingssamarbeidet med andre sjukehus, utdanningssektoren, kommunane og nasjonale og internasjonale forskingsmiljø.

## Slik skal vi måle at vi er på rett veg

- Aktiv involvering av Sogn og Fjordane helsefellesskap.
- Reduksjon i ventelister og fristbrot.
- Betre innsikt gjennom resultat frå brukarundersøkingar.
- Involvering av brukarrepresentantar i kvalitets- og utviklingsarbeid.
- Talet på digitale konsultasjonar.
- Reduksjon i talet på uønskte hendingar og pasientskadar.
- Høg skår på nasjonale kvalitetsindikatorar.
- Fleire vitskaplege publikasjonar med eksterne samarbeidspartar.

## 2. Samanhengande og koordinerte pasientforløp, med aktiv brukarmedverknad

Pasientar med samansette lidningar har ofte behov for tenester frå fleire delar av helse- og omsorgstenesta. Det blir ei utfordring når tenestene ikkje er godt nok koordinerte eller ikkje dekkjer behova for heilskapleg oppfølging, til dømes i overgangar mellom sjukehus og heim. Dette gjeld særleg [dei prioriterte pasientgruppene](#).

Helse Førde skal arbeide for at pasientane møter ei spesialisthelseteneste som er godt samordna internt, og godt koordinert med kommunale helse- og omsorgstenester og andre aktørar med ansvar i pasientforløpet. Eit nært samarbeid med kommunane gjennom Sogn og Fjordane helsefellesskap skal bidra til at ansvar, informasjon og oppfølging heng betre saman. Pasientane skal få rett behandling på rett nivå til rett tid, med tydeleg avklaring av kven som har ansvar for vidare oppfølging.

Helsepersonell skal involvere pasientar og deira pårørande. Spørsmålet «[Kva er viktig for deg?](#)» skal nyttast i møtet mellom pasient og helsepersonell.

## Moglegheiter

Vi skal utvikle samarbeidskulturen og etablere endå betre og meir effektive strukturar for samhandling. Digitale verktøy vil vere viktig i dette arbeidet. Meir aktiv involvering og samskaping av tenestene saman med pasientar og pårørande, både på system- og individnivå, vil gi betre innsikt i behova.

## Utfordringar

Helse- og omsorgstenestene er delt mellom forvaltningsnivå med ulike oppgåver, spesialiseringar og prioriteringar. Det finst ofte ingen etablerte eller naturlege arenaer for samarbeid mellom alle aktørane. Manglande kunnskap om kvarandre si rolle i pasientforløpa, og ufullstendige og lite effektive verktøy for samhandling, skaper hinder for å få til samanhengande og koordinerte pasientforløp. Det finst få økonomiske insentiv for samarbeid mellom nivåa, og vi må halde fram arbeidet med å styrkje samarbeidskulturen.

## Overordna mål

- Pasientforløpa i Helse Førde er heilskaplege, koordinerte og føreseielege for pasientar, pårørande og helsepersonell.
- Samhandling internt og eksternt bidreg til god flyt, høg kvalitet og effektiv ressursbruk.
- Brukarmedverknad på system- og individnivå gir reell innverknad. Vi nyttar klart språk og gir høve til å kommunisere digitalt.

## Strategiske tiltak

- Vidareutvikle prioriterte pasientforløp med tydeleg ansvar, klare roller og god samheng i overgangane, i samarbeid med brukarane.
- Styrkje samhandlinga gjennom treffsikre tiltak for pasientar med samansette behov, vidareutvikling av koordinatorfunksjonar og utvikling av gode samhandlingsstrukturar.
- Ta i bruk prinsippa for klart språk og universell utforming ved å uttrykkje oss tydeleg og bruke verktøy for digital kommunikasjon.

## Slik skal vi måle at vi er på rett veg

- «Ei dør inn»: Pasientforløpa er koordinerte mellom avdelingar, og helsehjelpa blir gitt i rett tid og på rett nivå i tråd med prioriteringskriteria.
- Utvikling i overgangar mellom tenester, reinnleggingar, ventetider, epikrisetid, pasienterfaringar, bruk av digitale samhandlingsløysingar og variasjon i pasientforløp mellom fagområde, samt talet på pasientar som får tildelt koordinator i spesialisthelsetenesta.
- Vurdere om vi har rett oppgåvedeling mellom Helse Førde og regionalt/nasjonalt nivå (t.d. prehospital traumeflyt og definerte pasientgrupper innan kreft), og at avtalespesialistar, private ideelle institusjonar og andre aktørar med avtale blir nytta som del av den samla kapasiteten.
- Arbeidet i Sogn og Fjordane helsefelleskap skal auke talet på koordinerte pasientforløp, især for prioriterte pasientgrupper.
- Auka tal pasientar med digital oppfølging, behovsprøvd oppfølging i poliklinikk og heimebehandling.
- Auke i tal deltakarar frå brukarutvalet og ungdomsrådet involvert i kvalitets- og utviklingsarbeid.

### 3. Medarbeidarar og leiing som drivkraft i ein berekraftig organisasjon

Helse Førde står i ei tid prega av store demografiske endringar, aukande behov for helsetenester og knappare tilgang på helsepersonell. For å møte denne utviklinga må vi utvikle oss vidare som ein attraktiv, lærande og omstillingsdyktig organisasjon, der medarbeidarar og leiarar er dei viktigaste drivkreftene i utviklinga av berekraftige tenester. Vi skal difor tilby attraktive og meningsfylte jobbar med gode moglegheiter for karrierebygging og livslang læring.

Dette krev eit tydeleg og framtidsretta leiarskap som fremjar samarbeid, innovasjon og effektiv ressursutnytting, samt medarbeidarar med rett og oppdatert kompetanse. Samstundes må organisasjonen vere rusta til å handtere endra behov i befolkninga og ei meir avgrensa tilgang på arbeidskraft.

#### Moglegheiter

Gjennom målretta rekruttering og systematisk kompetanseutvikling kan vi styrkje det samla kompetansenivået og tiltrekkje oss nødvendig arbeidskraft. Eit tett samarbeid

med utdanningsinstitusjonar og kommunar gir eit godt grunnlag for rekruttering og utvikling av relevant kompetanse.

God seniorpolitikk, tiltak for å redusere turnover, rom for funksjonsvariasjon og tilrettelegging for arbeid under sjukdom kan bidra til å halde på kompetanse, styrkje kontinuiteten og gjere Helse Førde til ein meir inkluderande arbeidsplass.

Vidare gir satsing på leiarskap, medverknad og eit godt arbeidsmiljø høve til å byggje ein sterk organisasjonskultur prega av tillit, engasjement og kontinuerleg forbetring. Dette kan styrkje både kvaliteten på tenestene og omstillingsevna i møte med nye krav.

Vi må dessutan møte den auka aktiviteten gjennom kontinuerleg forbetring av arbeidsformer, god oppgåvedeling og nye arbeidstidsordningar.

## Utfordringar

Helse Førde må handtere ein situasjon med stadig aukande etterspurnad etter helsetenester, samstundes som tilgangen på helsepersonell blir strammare. Dette stiller store krav til prioritering, omstilling og gjennomføringsevne i organisasjonen.

Det er utfordrande å sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse i alle delar av føretaket, men vi må klare å rekruttere og halde på medarbeidarar i konkurranse med andre arbeidsgjevarar.

Å utvikle eit leiarskap som både driv endringane framover og tek vare på medarbeidarane, og som samstundes opprettheld eit godt arbeidsmiljø i periodar med høgt press, er krevjande. I tillegg føreset omstillinga evne til å ta i bruk nye arbeidsformer og å samarbeide tettare på tvers av nivå og fagområde.

## Overordna mål

- Helse Førde har personell med relevant og oppdatert kompetanse, og er ein attraktiv arbeidsplass gjennom heile yrkeslivet.
- Leiarar og medarbeidarar har dei føresetnadene som trengst for å prioritere, gjennomføre endringar og skape varig forbetring når nye krav og rammevilkår oppstår.

## Strategiske tiltak

- Langsiktig og heilskapleg bemannings- og kompetanseplanlegging, basert på analysar av framtidige behov, endra oppgåver og nye krav.
- Styrkje rekruttering og utvikling av tilsette, og arbeidet med å halde på kompetanse.

- Utdanne og vidareutdanne fagpersonar i eiga verksemd.
- Fremje eit godt arbeidsmiljø gjennom systematisk HMS-arbeid og ein kultur for læring og kontinuerleg forbetring.
- Vidareutvikle leiarskap med særleg vekt på prioritering, omstilling, gjennomføringsevne, innovasjon og gevinstrealisering.
- Leggje til rette for fleksibel bruk av kompetanse og nye arbeidsformer, slik at organisasjonen raskare kan tilpasse seg endra rammevilkår, behov og krav.

## Slik skal vi måle at vi er på rett veg

- Talet på kvalifiserte søkjarar per utlyst stilling.
- Gjennomførte leiaropplæringar og leiarsamlingar.
- Gjennomførte tiltak frå rekrutteringsstrategien.
- Redusert ekstern turnover.
- Redusert sjukefråvær.
- Høg del heiltidsstillingar.
- Ønskt kompetansesamansetning.
- Høgare alder ved pensjon.

## 4. Berekraftig drift og ansvarleg ressursbruk

Helse Førde skal forvalte fellesskapets ressursar på ein måte som gjer oss i stand til å levere gode helsetenester både i dag og i framtida. Berekraftig drift handlar om å sikre god samanheng mellom behov, prioritering, kapasitet, kompetanse og økonomi. Ressursane må nyttast klokt og målretta, slik at dei gir størst mogleg verdi for pasientar og samfunn.

Ansvarleg ressursbruk omfattar både økonomiske, menneskelege og materielle ressursar, og inneber at klima- og miljøomsyn må vere ein integrert del av korleis vi planlegg, prioriterer og driv verksemda.

### Moglegheiter

Det ligg moglegheiter i å arbeide endå meir systematisk med prioritering, forbetring og ressursstyring på tvers av nivå og fagområde. Betre bruk av teknologi, digitalisering og kunstig intelligens kan støtte meir effektive arbeidsprosessar og frigjere tid til pasientretta arbeid.

Reduksjon av uønskt variasjon, meir målretta bruk og deling av kompetanse, og meir effektiv utnytting av bygg, areal og utstyr kan gje større handlingsrom innanfor eksisterande rammer. Samstundes gir klima- og miljøarbeid høve til å utvikle meir

framtidretta løysingar som kan styrkje beredskap, økonomi og samfunnsansvar.

## Utfordringar

Helse Førde står overfor aukande behov for helsetenester som ikkje lenger kan møtast ved å tilsette meir personell eller auke dei økonomiske rammene. Dette gjer det nødvendig med tydelege prioriteringar, omstilling og betre utnytting av samla ressursar.

Uønskt variasjon, fragmenterte arbeidsprosessar og mindre effektiv bruk av kompetanse, teknologi, bygg og areal kan svekkje bereevna over tid. Det er òg ei utfordring å sikre at gevinstane frå omstilling, digitalisering og nye arbeidsformer faktisk blir realiserte og varige i ordinær drift.

## Overordna mål

- Helse Førde har berekraftig drift med tydeleg samanheng mellom prioriteringar, behov, kapasitet, økonomi og ressursbruk.
- Ressursane blir nytta der dei gir størst verdi for pasientane og samfunnet.

## Strategiske tiltak

- Nye tiltak, teknologiar eller investeringar skal vurderast opp mot kva dei skal erstatte, forenkle eller redusere.
- Gjenopprette og oppretthalde økonomisk balanse over tid gjennom prioritering, kostnadskontroll og effektiv ressursbruk.
- Redusere unødvendig bruk av helsetenester.
- Redusere uønskt variasjon i praksis.
- Synleggjere nytteverdien av reformer og tiltak før og etter implementering, for å sikre reell effekt i drift.
- Bruke teknologi, digitalisering og kunstig intelligens målretta for meir effektiv ressursbruk og betre arbeidsflyt.
- Leggje til rette for fleksibel og føremålstenleg bruk og deling av kompetanse, areal, utstyr og andre fellesressursar.
- Modernisere, vedlikehalde og utvikle bygg og teknisk infrastruktur slik at dei støttar god drift, møter framtidige behov og styrkjer beredskapen.
- Integre klima-, miljø- og energiomsyn i planlegging, investeringar, byggutvikling og dagleg drift.
- Etterleve miljøkrava i Helse Vest.
- Ta samfunnsansvar i utvikling, drift og innkjøp gjennom etiske krav, seriøsitetskrav og berekraftige løysingar ved bruk av eksterne leverandørar.

## Slik skal vi måle at vi er på rett veg

- Økonomisk balanse, og betre samsvar mellom aktivitet, prioriteringar og budsjett.
- Lågare kostnad per pasient (KAPP) og dokumentert gevinstrealisering frå omstilling og digitalisering.
- Reduksjon i uønskt variasjon i klinisk praksis.
- Meir effektiv bruk av kompetanse, bygg og teknologi.
- Betre resultat på klima-, miljø- og arealindikatorar.
- Positiv utvikling i ressursbruk og berevne samanlikna med andre helseføretak.

## 5. Robust beredskap og sikkerheit

Våre eigarar legg til grunn at Noreg står i den mest alvorlege tryggingpolitiske situasjonen sidan andre verdskrigen. Beredskap handlar òg om å støtte nasjonal motstandskraft og totalforsvaret, og bidra til eit samfunn som kan oppretthalde nødvendige funksjonar under kriser.

I vårt lokale beredskapsarbeid blir vi utfordra og oppmoda til å arbeide systematisk med risiko, kartlegge kritiske føresetnader for drift, leggje til rette for kontinuitet i eiga verksemd og styrkje evna til å gjenoppta normal drift. Ein sterkare og meir robust beredskap blir ein sentral del av helsetenestene i framtida. Styresmaktene forventar òg tettare samarbeid mellom sivile og militære aktørar.

### Overordna mål

- Helse Førde er førebudd på å oppretthalde kritiske helsetenester ved naturhendingar, kriser, krig, sabotasje, pandemi og bortfall av kritisk infrastruktur som straum, internett og vatn.
- Pasientar, medarbeidarar og samfunnet har tillit til føretaket si beredskapsevne.

### Strategiske tiltak

- Sikre tydeleg organisering, avklart ansvar og effektiv leiing i beredskapssituasjonar, med klare roller og avklarte fullmakter.
- Vidareutvikle beredskapsplanverket, øvingar og kompetanse innan krisehandtering.
- Utarbeide planar for å skalere opp personellressursar og sikre alternative løysingar for å halde drifta i gang, samt sikre forsyning av kritiske varer.

- Styrkje digital tryggleik, IKT-robustheit og forsyningsikkerheit for kontinuerleg drift.
- Vidareutvikle samordning og samarbeid med lokal, regional og nasjonal beredskap.

## Slik skal vi måle at vi er på rett veg

- Helseføretaket har gjennomført eigne risiko- og sårbarheitsanalysar og har oppdaterte planar som følgjer opp desse.
- Helseføretaket har klare ansvarsforhold og varslingsrutinar som mobiliserer relevante ressursar lokalt og/eller i samhandling med regionale og nasjonale aktørar.
- Helseføretaket gjennomfører øvingar med relevante scenario. Evalueringane av øvingane blir omsette til forbetringstiltak og læringspunkt.

## Nasjonale og regionale planar og føringar

- [Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027](#)
- [Meld. St. 21 \(2024-2025\) Helse for alle, om prioritering i helsetenesta](#)
- [NOU 2023:4 Tid for handling, personellet i ei berekraftig helse- og omsorgsteneste](#)
- [Arbeidet med Helsepersonell 2040](#)
- [Rettleiar for arbeidet med utviklingsplanar, revidert 2025](#)
- [Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024-2030](#)
- [Nasjonal helseberedskapsplan 2025](#)
- [Totalberedskapsmeldinga og nasjonal sikkerheitsstrategi](#)
- [Felles klima- og miljømål for spesialisthelsetenesta](#)
- [Økonomisk langtidsplan i Helse Vest](#)

## Lokale planar og strategiar i Helse Førde

- [Økonomisk langtidsplan 2027–2031](#)
- [Forsking og innovasjonsstrategi 2020–2025](#)
- [Miljø og berekraft](#)
- [Rekrutteringsstrategi](#)
- [Kompetansestrategi](#)
- [Beredskapsplanar](#)
- Bygningsmessig utviklingsplan